

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 26.03.2007
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 22.02.07 - 23.03.07**

Styresak 033/07 O

Styremøte 11.04. 2007

Administrerende direktør si orientering pkt 6

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 22.02.07 – 23.03.07
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

Del 1

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	10.01.07	Riksrevisjonen gjennomfører ein forvaltningsrevisjon om IT i sjukehus og har varsla at det er ønskjeleg med eit intervju med Helse Vest i løpet av mars månad.	Tidspunkt for møtet var sett til 16.04.07, men dette er endra til 20.04.07.
	12.01.07	Riksrevisjonen gjennomfører ei undersøking kring vedlikehald av sjukehusbygningar. Svarfrist 23.02.07.	Svar på førespurnad sendt 23.02.07. Svaret bygger på informasjon som er henta inn frå helseføretaka. I brevet blir det rapportert på følgjande forhold; vedlikehaldsplanar, tiltak for sikring av vedlikehald av sjukehusbygningar, effektivisering av bygningsmassen, vedlikehaldsbudsjettering, avvik som skuldast manglande vedlikehald, illustrering av vedlikehaldsbehov, vedlikehaldsetterleik og midlar til vedlikehald.
	08.02.07	Bierverv. Riksrevisjonen rapporterte hausten 2006 til Stortinget om tilsette sine bierverv i konkurrerende verksemd. Som ein oppfølging vil Riksrevisjonen undersøke omfanget av tilsette	Svar på førespurnad sendt 09.03.07. I brevet er det mellom anna gjort greie for pågåande arbeid kring biervervsspørsmål i regionen.

		som har bierverv i legemiddelindustrien og korleis samarbeidsavtalene mellom RHFa og Legemiddelindustriforeininga blir praktisert. Svarfrist 08.03.07.	
	26.02.07	Riksrevisjonen ønskjer å sjå nærare på auken i tal legestillingar i forhold til dei fordelte kvotene for nokre helseføretak. For Helseregion Vest gjeld dette Helse Bergen og Helse Stavanger. Riksrevisjonen ber om å få ein oversikt som viser fordelinga av nye stillingar i 2006 fordelt på stillingskategori, tal stillingar per kategori per 31.12.05 og 31.12.06 og oversikt over ubesatte stillingar per 31.12.05 og 31.12.06. Svarfrist 23.03.07.	Svar på førespurnad sendt 23.03.07. For Helse Bergen er det ikkje meldt om avvik mellom tildelte og faktiske legestillingar. For Helse Stavanger er det rapportert om avvik, men det er samstundes uttala at det er knytt usikkerheit til det faktiske talet. Det beste estimatet helseføretaket kan gi per tidspunkt for rapportering er at talet på uheimla legestillingar ligg ein plass mellom 30 og 50. Avviket er forsøkt grunngjeve i brev frå Helse Stavanger av 12.03.07. Helse Vest har meddelt Riksrevisjonen at oppfølging av avviket vil bli gitt høg prioritet. Helse Vest har bedt Helse Stavanger om at saka snarast blir lagt fram for styret i helseførtaket.
Statens helsetilsyn	Mars 05	Overbelegg ved Sandviken sjukehus. Pålegg om å rette forholda ved Sandviken sjukehus.	Rapportering frå Helse Bergen for februar 2007 viser eit belegg på 108 % på akuttpostane og korttidsavdelingane samla. Dette gjeld alle innskrivne ved postane, og det er ikkje gjort fråtrekk for personar som til ein kvar tid er i permisjon. Justert for permisjon var belegget 99 %. Ser ein på plassane ved Sandviken isolert, var situasjonen her ein beleggsprosent på 113 og 102 %. Dette inneberer bruk av 3,3/2,7 korridor plassar pr døgn. Beleggsprosenten er samla litt høgare i februar enn i januar. Det er også noko høgare bruk av korridorsenger.
	05.03.07	Oversending av Tilsynsmeldinga 2006. Meldinga inneheld tematiske artiklar som samanfattar funn og erfaringar frå tilsynsverksemda i 2006, kronikker skreve på oppdrag frå Helsetilsynet, og ein statistikkdel som viser tal og fakta frå året som gikk.	
	12.03.07	Oversending av rapporten <i>"Kjem du levande inn, kjem du levande ut" – men kva skjer så?</i> Rapporten er ein oppsummering av	

		helsetilsynet sin kunnskapsinnhenting om oppfølgingstilbudet til personar etter ein alkoholforgifting.	
	13.03.07	Oversending av oppsummeringsrapport frå landsomfattande tilsyn med habiliteringstenester til born med funksjonshemmingar i 2006.	
	15.03.07	Oversending av rapport frå landsomfattande tilsyn i 2006 med rettstryggleik knytt til bruk av tvang og makt ovanfor personar med psykisk utviklingshemming.	
Arbeidstilsynet	Det er ikkje motteke saker frå Arbeidstilsynet i perioden.		
Datatilsynet	Det er ikkje motteke saker frå Datatilsynet i perioden.		
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	02.02.06	Privatsjuehuset Haugesund deltok i open anbodskonkurranse om levering av kirurgiske tenester. Klagen gjeld tilbodsevalueringa, brot på teieplikt og at vald leverandør skulle vore avvist.	Klagenemnda behandla saka i møte 26.02.07. Nemnda kom til at Helse Vest hadde brote teieplikta ved å informere om prosedyreprisane i den første anbodskonkurranse. Nemnda fann vidare at avlysing av den første konkurranse var sakleg, men at Helse Vest var ansvarleg for dei ekstraomkostningane klager hadde hatt ved å delta i to konkurransar i staden for ein. Klager sine andre merknader førte ikkje fram.
	07.07.06	Privatsjuehuset har levert ny klage som gjeld både den avlyste konkurranse og den nye.	
	12.05.06	Fana Medisinske Senter deltok i open anbodskonkurranse om levering av kirurgiske tenester. Det er i klagen hevda at det er gjort feil ved at priser i tidlegare konkurranse er blitt gjort kjent for tilbydarane, at fleire leverandørar skulle vore avvist og at forhandlingsforbodet er brote.	Klagenemnda behandla saka i møte 26.02.07. Nemnda kom til at Helse Vest hadde brote teieplikta ved å informere om prosedyreprisane i den første anbodskonkurranse, og at det hadde funne stad eit brot på forhandlingsforbodet. Nemnda fann vidare at avlysing av den første konkurranse var sakleg, men at Helse Vest var ansvarleg for dei ekstraomkostningane klager hadde hatt ved å delta i to konkurransar i staden for ein. Klager sine andre merknader førte ikkje fram.
	02.06.06	Knarvik øyelegekontor. Klager har delteke i open anbodskonkurranse om levering av kirurgiske tenester. Konkurranse blei avlyst og ny konkurranse kunngjort. Det er hevda at Helse Vest har brote innkjøpsreglane ved å offentliggjere priser i den første konkurranse i forkant av den nye konkurranse.	Helse Vest har i tilsvar imøtegått klagen. Avgjerd føreligg ikkje.
Sivilombudsm.	Det er ikkje motteke saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		
Konkurranse-	19.09.06	Konkurransetilsynet har motteke	Aktuelle dokument er

tilsynet		ein klage frå Fana Medisinske Senter kor det er uttrykt mistanke om mogleg ulovleg prissamarbeid mellom to sjølvstendige tilbydarar som har delteke i konkurransen. For å kunne vurdere saka ber tilsynet om innsyn i dokumenta i saka.	oversendt Konkurransetilsynet ved brev av 28.09.06.
	01.02.07	Konkurransetilsynet har motteke eit brev frå Alliance UniChem Norge AS der det blir vist til at helseføretaka si framferd i marknaden for forbruksmateriell gitt på blå resept kan vere i strid med konkurranselover. For at Konkurransetilsynet skal kunne vurdere om helseføretaka opptre innanfor rammene av konkurranselover, ber tilsynet om kommentarar til det aktuelle brevet samtidig som det blir bedt om at helseføretaka gjer greie for praksisen for sal av forbruksmateriell gitt på blå resept. Svarfrist: 15.03.07.	Svar på førespurnad sendt 15.03.07. I svaret er det vist til at alle dei sakene klagen gjeld kjem frå andre regionar. Det er vidare vist til at helseføretaka i vår region ikkje har sett i verk tilsvarande praksis, og at den aktuelle problemstillinga derfor ikkje er aktuell her. Det er også gjort greie for at enkelte av helseføretaka i regionen nå arbeider med planar om å utvide sitt tilbod til også å omfatte levering av ernæring. I dei planane som ligg føre er det tenkt at valfridomen ved uttaket blir oppretthalden slik at pasientane sjølve vel kor blåresepta skal leverast.
Dispensasjons- og klagenemnda for behandling i utlandet	Det er ikkje motteke saker frå Dispensasjons- og klagenemnda i perioden.		

Del 2

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	Det er ikkje registrert nye saker i perioden.		
	11.07.06	Melding om tilsyn med Stavanger Universitetssjukehus, Psykiatrisk klinikk, Gauselskogen 07.11.06.	Frist for å gi tilbakemelding på kva tiltak som er sett inn for å lukke avviket er 01.02.07.
	19.12.06	Ved tilsynet blei det avdekka eit avvik: Mangelfull tilgong til psykiater medfører at pasientar ved Gauselskogen ikkje alltid får forsvarleg utgreiing og behandling.	
	15.01.07	Varsel om tilsyn med LAR-Rogaland 18.04.07. Ved brev 26.01.07 er datoen for tilsynet endra til 09.03.07. Ved tilsynet blei det ikkje funne avvik. Det blei gitt ein merknad; "Knappe legeressursar og berre ein lege i LAR-	

		Rogaland gjer at LAR tilbodet er sårbart". Rapporten er lagt ved under "Skriv og meldingar".	
	15.01.07	Varsel om tilsyn med Duedalen rehabiliteringssenter 07.03.07.	
	15.01.07	Varsel om tilsyn med Frelsesarmeens Bo- og Behandlingssenter 28.03.07.	
	23.01.07	Oversending av rapport frå tilsyn med medisinsk klinikk, Haraldsplass Diakonale sjukehus. Innan dei tema som tilsynet gjaldt, blei det påpeikt eit avvik: Klinikken sikrar ikkje at alle pasientjournalar inneheld alle relevante opplysingar eller at epikrise alltid blir sendt til fastlegen.	Haraldsplass har fått frist til 01.04.07 for skriftleg tilbakemelding om kva tiltak som blir sett i verk for å lukke avviket.
	30.01.07	Melding om tilsyn med tenester i akuttmottak, Helse Stavanger HF, 24.-25.04.07.	
	16.02.07	Endeleg rapport frå tilsyn med Ryfylke DPS Randaberg. Ved tilsynet blei det avdekka eit avvik: For liten tilgang på psykiater og ikkje tilgang på psykolog gjer at pasientane ved Ryfylke DPS Randaberg ikkje alltid får forsvarleg behandling. Det er gitt frist til 01.09.07 for tilbakemelding om kva tiltak som er gjennomførde for å lukka avviket.	
	23.03.07	Rapport frå tilsyn ved Helse Stavanger, Psykiatrisk klinikk Akuttpost AS. Ved tilsynet blei det avdekka to avvik: Helseføretaket sikrar ikkje forsvarleg miljøterapeutisk tilbod til alle pasientane som blir innlagte ved sengepost A2, og sengepost A2 sender ikkje systematisk epikrise innan forsvarleg tid. Det er gitt frist til 01.10.07 for tilbakemelding om kva tiltak som er gjennomførde for å lukka avviket.	
Arbeidstilsynet		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Datatilsynet		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Statens strålevern	Desember 2006	Ved brev av 22. og 28.12.06 Har Helse Stavanger, Helse Bergen og Helse Fonna fått pålegg om skjerpet krav til blodbestrålingsapparat med bakgrunn i skjerpa krav til tryggleikstiltak. Helseføretaka er bedt om å gjer ein vurdering av bruk av radioaktive kjelder til blodbestråling innan 01.03.07. Det er gjort greie for krav til auka tryggleik både på kort og lengre sikt. Tilbakemelding om tiltak må sendast innan 01.03.07 og 01.07.07.	
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	27.11.06	Helse Stavanger. Klager: Aktiv Eiendomsmegling Sandnes, Sandnes Eiendomsmegling AS. Helse Stavanger har avlyst ein konkurranse om sal av bustader	Avgjerd føreligg ikkje.

		i Stavanger. Klager hevdar at det ikkje er heimel for avlysinga, subsidiært at det skulle vore utlyst ein ny konkurranse.	
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		